

JULEHELING FRÅ ROGALAND SAU OG GEIT 2019

Då går det mot slutten av eit år som ikkje har bydd på like store utfordringar værmessig, som føregåande år, og det var vel fortjent.

Me vil fortsatt ha fokus på regionsmøter , då me meiner det er viktig å komme saman og få snakke om ting som opptek oss. Region møtene vert haldne nå i desember, om ikkje det ikkje let seg gjere vil dei andre satse på å få avholdt møte i januar. Me oppfordrer styra i lokallaga til å stille opp på desse møta 😊

Rogaland Sau og Geit deltok på årets Gladmat i juli, «BONDEN PÅ GLADMATEN», Me ventar på nokon tilbakemeldingar før me bestemmer om det me vert med neste år 😊

Rogaland sau og geit hadde i år stand på agrovisjon, noko som var ei positiv opplevelse med svært mange besøkande som tok seg ein «drøs». Rett og slett kjekt 😊

Årsmøtet i RSG blir 14-15 februar på Scandic Haugesund. Me oppfordrar alle til å sende så mange representantar som mogleg. Kwart lokallag kan møte med 1 representant pr.50 påbegynte medlemmer. VIKTIG : For å ha stemmerett på årsmøtet må lokallaget ha gjennomført årsmøte i forkant.

RSG ønsker innspel frå lokallaga til jordbruksforhandlingane! Det er viktig å komme med forslag til endringar og forbetringar. Frist for å sende inn innspel til RSG er satt til 10.januar 2020.

Dyrevelferd er alltid et aktuelt tema, som er viktig å halda god fokus på. Ein må syte for at dyra får nok fôr og stell, og også ha eit lite auga på medmenneska rundt deg, kanskje nokon treng ei hjelpande hand.

Me trur det er viktig å lage seg rutinar som gjer det enklare å halde orden i travle tider.

Dessverre så hadde me også dette året eit tilfelle med fotråte, dette viser kor viktig slakteri overvåkinga er, at me får fange opp desse tidleg. Det er viktig at alle støtter opp om dette arbeidet!! Ha fokus på Smittebeskyttelse.

Me vil med dette ønska alle medlemmenes ei fredelig julefeiring og eit GODT NYTT ÅR.

Med venleg helsing styret i Rogaland Sau og Geit .



